Meeting Book: Bø kontrollutval (07.11.2017)

Bø kontrollutval

Date: 2017-11-07T12:00:00

Location: Bø kommunehus

Note:

Saksliste

Møteinnkalling

5/17 Godkjenning av møteinnkalling 07.11.17 3

Møteprotokoll

6/17 Godkjenning av protokoll frå møte 02.10.17 4

Saker til behandling

29/17 Orientering om kommunens økonomiske situasjon - 2. tertial 11
30/17 Orientering om rådmann sitt budsjettforslag for 2018 og økonomiplan 12
31/17 Oppfølging av forvaltningsrevisjon - Bruk av fagdatasystemet profil i pleie og omsorg 13
32/17 Orientering om Bø kommune sin kommunikasjonsplan og pressereglement 16
33/17 Revidert prosjektplan og kostnadsfordeling for selskapskontroll og forvaltningsrevisjon i Irmat AS 26
34/17 Møte- og arbeidsplan for kontrollutvalget for 2018 33
35/17 Orientering frå revisjonen 07.11.17 35
36/17 Referatsaker 07.11.17 36
37/17 Eventuelt 07.11.17 58

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 17/00014-34
Sakshandsamar Alexander Etsy Jensen

Saksgang	Møtedato
Bø kontrollutval	07.11.2017

Godkjenning av møteinnkalling 07.11.17

Forslag frå sekretariatet:

Møteinnkalling 07.11.17 godkjennast.

Vedlegg:
Møteinnkalling 07.11.17

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 17/00014-35
Sakshandsamar Alexander Etsy Jensen

Saksgang	Møtedato
Bø kontrollutval	07.11.2017

Godkjenning av protokoll frå møte 02.10.17

Forslag frå sekretariatet:

Protokoll frå møte 02.10.17 godkjennast.

Vedlegg:
Protokoll 02.10.17

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Møteprotokoll

Bø kontrollutval

Dato:	02.10.2017 kl. 09:00
Sted:	Irmat AS, Goasholdtmyra avfallsanlegg
Arkivsak:	17/00014
Til stede:	Arne Storhaug (AP), Ole Morten Aasgrav (FRP), Augon Eika (V),
Møtende varamedlemmer:	Anne Carine Nilsen (H) for Gunn Annie Hellestad (SP), Heidi Rønneid (AP) for May Brit Haugland (FRP)
Forfall:	Gunn Annie Hellestad (SP), May Brit Haugland (FRP)
Andre:	TKR IKS v/Gerd Smedsrud Irmat AS v/ Daglig leder Stein Asmundsen, styreleder Eivind Eckbo og økonomisjef Martin Brenne.
Protokollfører:	Sekretær Alexander Etsy Jensen

Sakskart			Side
		Møteinnkalling	
4/17	17/00014-27	Godkjenning av møteinnkalling 02.10.17	3
		Møteprotokoll	
5/17	17/00014-28	Godkjenning av protokoll frå møte 02.10.17	4
		Saker til behandling	
27/17	17/14324-1	Orientering frå Irmat AS	5
28/17	17/14323-3	Prosjektplan - Forvaltningsrevisjon "Gjennomføring av virksomhet – selvkost og ressursbruk i Irmat AS" - Bø kommune	6

Notodden, 02.10.2017

Arne Storhaug
Kontrollutvalsleiar

Alexander Etsy Jensen
Sekretær

Møteinnkalling

4/17 Godkjenning av møteinnkalling 02.10.17

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Bø kontrollutval	02.10.2017	4/17

Forslag frå sekretariatet:

Møteinnkalling 02.10.17 godkjennast.

Møtehandsaming

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Møteinnkalling 02.10.17 godkjennast.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

Møteprotokoll

5/17 Godkjenning av protokoll frå møte 02.10.17

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Bø kontrollutval	02.10.2017	5/17

Forslag frå sekretariatet:

Protokoll frå møte 06.09.17 godkjennast.

Møtehandsaming

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Protokoll frå møte 06.09.17 godkjennast.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

Saker til behandling

27/17 Orientering frå Irmat AS

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Bø kontrollutval	02.10.2017	27/17

Forslag frå sekretariatet:

Saka vert teken til vitande.

Møtehandsaming
Kontrollutvala i kommunane Hjartdal, Notodden, Sauherad og Bø fikk deltok på ein inspeksjon ved Irmat AS sitt avfallsanlegg på Goasholdtmyra frå 09:00 til ca. 11:00.

Orientering om selskapet ble lagt frem på Notodden kommunehus, møterom samfunnsalen, av Irmat AS v/ Daglig leder Stein Asmundsen, økonomisjef Martin Brenne og styreleder Eivind Eckbo, etter inspeksjonen.

I tillegg fikk utvales medlemmar anledning til å stille spørsmål.

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Saka vert teken til vitande.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

28/17 Prosjektplan - Forvaltningsrevisjon "Gjennomføring av virksomhet – selvkost og ressursbruk i Irmat AS" - Bø kommune

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Bø kontrollutval	02.10.2017	28/17

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan - gjennomføring av virksomhet – selvkost og ressursbruk i Irmat AS, som den ligg føre.

Bø kontrollutval bestillar i tillegg den særskilte undersøkinga i tråd med forslag frå revisjonen innanfor ei ressursramme på ca. 100 - 150 timar.

Møtehandsaming
Kontrollutvalet fikk lagt fram prosjektplan «gjennomføring av virksomhet – selvkost og ressursbruk i Irmat» og pristilbod på prosjektet i eit fellesmøte med kontrollutvala i Notodden, Sauherad og Hjartdal.

Telemark kommunerevisjon IKS la fram prosjektplan på Notodden kommunehus, møterom Samfunnsalen.

Endringsforslag fremma av leiar i møte:

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan - gjennomføring av virksomhet – selvkost og ressursbruk i Irmat AS, som den ligg føre.

Bø kontrollutval bestillar i tillegg den særskilte undersøkinga i tråd med forslag frå revisjonen med begge problemstilling/ vinkling alternativ 1 og alternativ 2 .

Votering
Samrøystes for endringsforslag fremma av leiar.

Vedtak
Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan - gjennomføring av virksomhet – selvkost og ressursbruk i Irmat AS, som den ligg føre.

Bø kontrollutval bestillar i tillegg den særskilte undersøkinga i tråd med forslag frå revisjonen med begge problemstilling/ vinkling alternativ 1 og alternativ 2 .

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 17/15033-1
Sakshandsamar Alexander Etsy Jensen

Saksgang	Møtedato
Bø kontrollutval	07.11.2017

Orientering om kommunens økonomiske situasjon - 2. tertial

Forslag frå sekretariatet:
Saka takast til vitande.

Saksopplysningar:
Rådmannen skal i hen hald til vedtatt økonomireglement rapportere til kommunestyret kvart tertial. Tertialrapporten skal vise i korleis grad kommunen følger vedtatt budsjett. I tillegg ønsker kontrollutvalet å halde seg løypande orientert om utviklinga i kommunens økonomi.

Det gjørast oppmerksam på at rådmannens tertialrapport ikkje blir lagt ved saka då denne er å finne i saka til kommunestyret 88/17 handsama i møte 16.10.17.

Rådmann Åse Egeland og kommunalsjef stab og støtte Hanne Winberg orienterar om Bø kommunes økonomiske situasjon pr. 2. tertial 2017 i møtet.

Vedlegg:
Skriv inn vedlegg her

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 17/15034-1
Sakshandsamar Alexander Etsy Jensen

Saksgang
Bø kontrollutval

Møtedato
07.11.2017

Orientering om rådmann sitt budsjettforslag for 2018 og økonomiplan

Forslag frå sekretariatet:
Saka takast til vitande.

Saksopplysningar:
Kontrollutvalet skal ikkje handsame forslag til budsjett frå rådmannen eller formannskapet, men har sjølvstendig innstillingsrett overfor kommunestyret når det gjelder den delen av budsjettet som gjelder kontroll, tilsyn og revisjon. Dette har kontrollutvalet sendt over til kommunen, og det skal følje budsjettsaka via formannskapet til kommunestyret.

Det har likevel stor verdi for kontrollutvalet å få ei utgreiing om korleis rådmannen sitt forslag til Budsjett for 2018 er for kommunen, som et ledd i kontrollutvalet sitt ansvar for å sjå til at det førast kontroll med at den økonomiske forvaltning og at kommunen sin praksis er i samsvar med gjeldande reglar og vedtak, jf. Kommuneloven § 77 4.

Rådmann Åse Egeland og kommunalsjef stab og støtte Hanne Winberg vil orientere om rådmann sitt budsjettforslag for 2018 i møtet.

Vedlegg:
Skriv inn vedlegg her

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 16/10000-13
Sakshandsamar Alexander Etsy Jensen

Saksgang	Møtedato
Bø kontrollutval	07.11.2017

Oppfølging av forvaltningsrevisjon - Bruk av fagdatasystemet profil i pleie og omsorg

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga til førebels orientering.

Kontrollutvalet er nøgd med dei tiltaka som er skissert for å følje opp anbefalingane i rapporten og ønsker å få sendt over ein stadfesting frå rådmann når tiltaka er fullført.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet handsama saka i møte 25.01.17 sak 1/17 og kommunestyret handsama saka i møte 27.02.17 sak 05/17 og fatta samrøystes følgande vedtak i tråd med kontrollutvalet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tar forvaltningsrevisjonsrapporten «Pleie og omsorg – Sektorens bruk av fagdatasystemet Profil» til orientering og ber om at føljande tiltak gjennomførast basert på revisors tilrådingar:

- *sørgje for at roller, ansvar og praksis i større grad blir skriftleggjort*
- *sikre at feil som blir oppdaga i Profil blir retta*
- *gjennomføre fleire tiltak for å rydde i tiltaksstrukturen*
- *gjere tiltak som sikrar at alle tilsette har tilgang til Profil når dei startar i jobben*
- *sikre at tilsette har tilstrekkeleg kompetanse i bruk av Profil og*
- *sikre ei god oppfølging av innføringa av mobil omsorg og andre nye tiltak.*

Rådmann bes gje kontrollutvalet ei skriftleg tilbakemelding innan utgangen av august 2017 om korleis rapporten blir følgt opp.

Saksopplysningar:

Med bakgrunn i vedtaket over føljer kontrollutvalet med dette opp vedtaket frå kommunestyret og har bedt rådmann gjøre greie for korleis rapporten er blitt følgt opp.

Rådmann har utarbeidd følgjande framdriftsplan for å ta tak i forvaltningsrapporten «Bruk av fagsystemet Profil i pleie og omsorg»:

1. Sørgje for at roller, ansvar og praksis i fht Profil fagdatasystem i større grad blir skriftleggjort

- *Utarbeide nye/revidere eksisterande stillingsomtalar til:*
    - *Systemansvarleg (IKT avd). Leiar for IKT avd har ansvar for å få denne på plass innan 31. mars 2018.*
    - *Superbrukarar. Avdelingsleiar har ansvar for å få desse på plass på si avdeling innan 31. mars 2018.*
    - *Avdelingsleiar. Einingsleiar har ansvar for å få dette på plass i si eining innan 31.mars 2018.*
    - *Tilsette. Avdelingsleiar har ansvar for å få dette på plass innan 31. mars 2018.*

Stillingsomtalene skal vere tydelege på roller, ansvarsområde og arbeidsoppgåver.

På dei avdelingane det ikkje er utpeika «Superbrukar» i Profil skal avdelingsleiar få dette på plass innan 31.12.2017.

Utarbeide eit skriftleg dokument som visar ein samla oversikt på kven som gjer kva i fht Profil fagdatasystem (jf. punktet ovanfor). Plan- og fagansvarleg har ansvar for dette. Ein er avhengig av å ha på plass punktet ovanfor før denne oversikten kan lagast. Difor settast fristen til 16.april 2018.

2. Sikre at feil som blir oppdaga i Profil blir retta

- *Ta ein gjennomgang av sektorens prosedyre for handtering av organisatoriske avvik og sjå den i samanheng med prosedyra for journalansvarleg (som blei vedtatt og tatt i bruk okt. 2016). Avdelingsleiar har ansvar for å følgje opp dette på sin respektiv avdeling. Frist 31.mars 2018*

3. Gjennomføre fleire tiltak for å rydde i tiltaksstrukturen

- *Dette punktet følgjast opp av Midt-Telemark kompetansegruppe i Profil (det arbeidast for å få på plass lik tiltaksstruktur i Bø, Nome og Sauherad). Det er ein stor og omfattande jobb å endre på tiltaksstrukturen, og i og med at det er tre kommunar som skal bli samde om korleis dette skal sjå ut, er det vanskeleg å sette ein eksakt tidsfrist. Det er likevel naturleg å sjå føre seg at det vil vere på plass i løpet av 2018.*

4. Gjere tiltak som sikrar at alle tilsette har tilgang til Profil når dei startar i jobben

- *Einingsleiar og avdelingsleiar tek ein gjennomgang av prosedyra for innmelding av «Ny kommunal ansatt» og «SikkerSone – Ny ansatt, etablering av brukerkontoer». Viss ein følgjer desse vil alle som startar i jobben ha dei tilgangane ein skal ha. Frist for denne gjennomgangen er 31.3 2018.*
- *I tillegg må det leggast inn som fast punkt på første opplæringsdag at den nytilsette skal logge seg inn i Profil og teste om vedkommande har dei rette tilgangane. Avdelingsleiar har ansvar for at dette punktet leggast inn som ein del av opplæringa. Frist 31.3 2018.*
- *IKT avd må gjennomgå sine rutinar slik at dei kan gje avdelingane oppfølgingsstøtte på punkta ovanfor gjennom heile veka (også når systemansvarleg ikkje er tilstades). Leiar av IKT avdelinga har ansvar for å følgje opp dette punktet innan 31.3 2018.*

5. Sikre at tilsette har tilstrekkeleg kompetanse i bruk av Profil

Når vi får på plass punkta (1,3 og 4) ovanfor vil vi ha eit betre utgangspunkt for å sikre opplæringa av den einskilde tilsette. Midt-Telemark kompetansegruppe i Profil arbeidar i tillegg med å få på plass ei «Handbok for felles prosedyrar i Profil i Midt-Telemark». Det er så langt identifisert behov 35 spesifikke prosedyrar (6 av dei er på plass). Ein reknar med å få på plass dei fleste av dei i løpet av 2018.

I tillegg til at det gis opplæring ute på avdelinga når ein startar opp (jf. punkt 4) er det viktig at :

- *Det utarbeidast ei rutine som sikrar at nytilsette meldast opp på «generelt innføringskurs i Profil» som systemansvarleg køyrer ein gong i md. Avdelingsleiar har ansvar for å få dette på plass innan 31.mars 2018.*

- *Det utarbeidast ei rutine som sikrar at nytilsette har god tilgang på det vi omtalar som «skulder til skulder» opplæring. Dvs. at den nytilsette har ein tilsett tilgjengelig som kan svare på spørsmål/vise korleis ein skal nytte Profil under opplæringsperioden, men og i etterkant. Sidan dei fleste tilsette i sektoren arbeidar i turnus kan ikkje «Superbrukaren» ha dette ansvaret åleine, men må vere ein integrert del av arbeidet til alle som er fast tilsett på avdelinga. Avdelingsleiar har ansvar for å få dette på plass innan 31.mars 2018.*

6. Sikre ei god oppfølging av innføringa av mobil omsorg og andre nye tiltak.

I prosessen med kommunesamanslåinga mellom Bø og Sauherad er det tatt ei avgjersle på å nytte Difis anbefala prosjektmodell «Prosjektveiviseren» for styring av prosjekter i offentlig sektor. Når vi nå framover planlegg nye prosjekt/tiltak innanfor fagdatasystemet Profil, er det naturleg å bruke hovudelementa frå denne modellen, slik at ein på ein best muleg måte sikrar gode prosessar frå start til slutt. Ansvaret for å følgje opp dette ligg på alle leiarnivå i sektoren (kommunalsjef, einingsleiar og avdelingsleiar).

Rådmann framhevar i si tilbakemelding til kontrollutvalet at sjølv om ein i framdriftsplanen har tatt høgde for å løyse dei fleste av punkta i eigen kommune, er det også slik at Bø og Sauherad har starta ein kommunesamanslåingsprosess der dei skal bli ein ny kommune (1.1.2020). I prosessen mot å etablere den nye kommunen er det definera fleire prosjektområder. To av dei, «Helse og Arbeid» og «Pleie og omsorg», brukar begge Profil fagdatasystem i si verksemd. Profil er difor satt opp som ei eiga arbeidspakke som skal sjåast nærare på innanfor begge prosjektområda. Det går fram av rådmann si tilbakemelding at dette arbeidet startar etter alt og døme opp i byrjinga av 2018 og kan medføre at ein vil måtte sjå på felles løysingar på punkta vi har skissera i framdriftsplanen. Vi ber difor om forståing for at det kan bli aktuelt å forlenge tidsfristane vi har lagt opp til i framdriftsplanen.

Rådmann Åse Egeland og kommunalsjef helse og velferd Terje Kili vil gjere nærmare greie for dei tiltaka kommunen har gjort for å sikre at revisjonens anbefalingar er blitt følgt opp og kva for tiltak som er under planlegging.

Vurdering frå sekretariatet:

Med bakgrunn i punkta rådmann har skissera i framdriftsplanen anbefala sekretariatet å ta saka til førebels orientering.

Sekretariatet tilrår utvale om å ha forståing for at det kan bli aktuelt å forlenge tidsfristane rådmann har lagt opp til i framdriftsplanen, som følje av kommunesamanslåingsprosess.

Kontrollutvalet bør vidare følje opp tiltaka som er skissert for å følje opp anbefalingane i rapporten og bør difor be om å få sendt over ein stadfesting frå rådmann når tiltaka er fullført.

Vedlegg:

Skriv inn vedlegg her

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 17/15077-5
Sakshandsamar Alexander Etsy Jensen

Saksgang
Bø kontrollutval

Møtedato
07.11.2017

Orientering om Bø kommune sin kommunikasjonsplan og pressereglement

Forslag frå sekretariatet:
Rådmann si orientering takast til vitande.

Bakgrunn for saka:
Kontrollutvalget i Bø kommune handsama i møte 06.09.17 sak 25/17-4a, Referatsaker 06.09.17 (Dagsaktuelle saker). Følgende kom frem under behandlingen:

«Utvale drøfta uheldige utsegne frå kommunens administrasjon attgjeve i media. Sekretariatet undersøkjer dei påståtte uttalane med rådmann og ber alternativt rådmann om ei utgreiing i neste møte».

Med bakgrunn i det konkrete utsegne i Varden 13.08.2017, *«Sjukeheimspasient på 90 år truga med politiet»,* har kontrollutvalet bedt rådmann om ei orientering om Bø kommune sin kommunikasjonsplan og pressereglement sett i lys av utsegne det visast til.

Saksopplysningar:

Den konkrete saka
Det konkrete utsegne i Varden 13.08.2017*, «Sjukeheimspasient på 90 år truga med politiet»* dreiar seg om ein brukar som hadde fått avslag på langtidsopphold på sjukeheim. Situasjonen det visast til i artikkelen handlar om at brukaren hadde vore på kommunalt augeblikkeleg døgntilbod i Sauherad tidligare i veka grunna helsetilstanden. Det er eit opphald som etter regelverket er for 72 timar. Etter avtale mellom Bø og Sauherad kommunar fekk brukaren bruke eit rom på Sauherad Bygdeheim fram til påfølgjande fredag. Då fredagen kom viste det seg at brukaren nekta å forlate romme. Han ga uttrykk for at han ikkje ville flytte seg og blei liggjande til tross for stadige oppforingar om at han måtte ut av senga fordi Sauherad kommune hadde behov for senga til ein pleietrengjande innbyggjar som var på veg heim frå sjukehus. Kommunalsjefen blei kontakta og tildelingskontoret hadde i forkant vore i kontakt med Fylkesmannen med spørsmål om kva ein kunne gjere i ein slik situasjon. Fylkesmannen orienterte om at dette var ein ny problemstilling og at ein må leggje til grunn at folk som har saker til behandling føreheld seg til klagesystemet slik det er utforma. Kommunen og fylkesmannen var einige om at brukaren ikkje hadde rett på senga og at eventuell flytting av han mot hans vilje i siste instans måtte gjerast av ordensmakta, dvs. politiet. Kommunen har ikkje rom for å bruke tvang i en slik situasjon.

Kommunalsjefen blei seinare ringt opp av ein journalist i Varden, som hadde blitt gjort kjent med saka av brukar og hans familie, og bekrefta at han i samtale med brukar hadde sagt at ein som siste instans– om han ikkje ville flytte – ville måtte vurdere bruk av politiet for å få frigjort rommet.

Fylkesmannen har i brev av 17.10.2017 gitt kommunen medhald i sitt vedtak om ikkje å tilby langtidsopphald på sjukeheimen.

Etter oppslaget i media har kommunalsjefen tidlegare orientert om saka for utval for helse og velferd og Eldrerådet.

Kommune sin kommunikasjonsplan og pressereglement
Kommunikasjons- og mediestrategi 2012-2015 blei vedteken i Bø kommunestyre den 17.12.2012. Eit av tiltaka i planen er revisjon av pressereglementet som er frå 1999. Pressereglementet er retningsgivande for korleis tilsette i Bø kommune skal opptre i kontakten med journalistar, presse og media.

Med bakgrunn i det konkrete utsegne i Varden har kontrollutvalet bedt rådmann om ei orientering om Bø kommune sin kommunikasjonsplan og pressereglement sett i lys av utsegne det visast til. Rådmann Åse Egeland vil orientere om saka i møte og svare på eventuelle spørsmål frå utvales medlemmar.

Vurdering frå sekretariatet:

Sekretariatet har undersøkt dei påståtte uttalane med rådmann, i tillegg til å ha gått gjennom kommune sin kommunikasjonsplan og pressereglement og sekretariatet kan ikkje sjå at det skal være behov for vidare oppfølging knytt til mediesak i Varden 13.08.17.

Sekretariatet meina like fullt at det er viktig å sjå til at kommunen på overordna nivå fyljar opp kommune sin kommunikasjonsplan og pressereglement, for å sikre at tilsette i Bø kommune skal opptre korrekt i kontakten med journalistar, presse og media.

Med det som bakrunn anbefala sekretariatet kontrollutvalet til å ta rådmann si orientering til vitande.

Vedlegg:

- Kommunikasjonsplan for Bø kommune 2017 – 2020
- Pressereglement for tilsette i Bø kommune

Bø kommune

Kommunikasjonsplan for Bø kommune 2017 - 2020

Innhald

1. Bakgrunn 2
1.1 Om Bø kommune 2
1.2 Politisk styrt organisasjon 2
1.3 Målet med planen 2
1.4 Organisering 2
1.5 Visjon og verdiar for Bø kommune 2
2. Lover og heimlar 3
3. Hovudfokus, satsingsområder og tiltak 3
3.1.Tenester kommunen tilbyr 4
3.2 Internt fokus 4
3.3 Demokrati 4
3.4 Omdøme 4
4. Kommunikasjonsplattformer 5
4.1 Designprofil 5
4.2 Kommunens heimeside 5
4.3 Sosiale medium 5
5. Kven kan uttale seg? 5
6. Krisekommunikasjon 6
7. Vedleggsliste 6

1. Bakgrunn

1.1 Om Bø kommune

Bø kommune er ein attraktiv kommune med vekst i både busetnad og arbeidsplassar. Dette skuldast i høgskule- og forskingsmiljøet, vidaregåande skule, offentlege og private verksemder og eit variert og godt nærings-, kultur- og handelstilbod. Bø kommune er vertskommune for Høgskulen i Sørøst Norge, med om lag 2.500 studentar knytt til studiestad Bø, og for Bø Sommarland som i løpet av korte sommarmånader har om lag 150.000 besøkande.

Bø kommune er kommunens største arbeidsgjevar med ca 450 årsverk

Bø kommune har vedtatt kommunesamanslåing med Sauherad kommune frå 1.1.2020.

1.2 Politisk styrt organisasjon

Kommunestyret, leia av ordføraren, er kommunens øvste organ. Politikarane er, saman med dei tilsette, kommunens viktigaste representantar. Kommunen er ein politisk leia organisasjon, og tilrettelegging av dialog mellom administrasjon og politikarar er avgjerande for å sørgje for at all ekstern kommunikasjon er i tråd med politisk vilje. Samspelet mellom dei to nivåa i kommunen er nødvendig for å ivareta korrekt og effektiv intern og ekstern kommunikasjon, for å sikre godt omdøme og kunnskap om kommunen.

1.3 Målet med planen

Kommunikasjonsplanen skal være eit bærande styringsverktøy for alt arbeid med kommunikasjon i kommunen. Kommunikasjonsplanen skal bidra til motivasjon og forankring av kommunens visjon, verdiar og mål for kommunens tilsette. Planen setter fokus på dei plattformane kommunenes tilsette og innbyggarane har for å få lik og riktig informasjon.

1.4 Organisering

Kommunikasjonsarbeidet i kommunen er i dag organisera med ein informasjonsansvarleg som også er Webredaktør plassera i avdeling for stab og støtte.

Informasjonsansvarleg er ansvarleg for oppfølging, vidareutvikling og gjennomføring av kommunikasjonstiltak i samarbeid med fagansvarlege på dei ulike einingane.

Webredaktøren har ansvaret for innhaldet på kommunens heimeside og sosiale medium. Webredaktøren skal kontinuerlig jobbe med å forbetre utsjåande og struktur på heimesida. Arbeidet med heimesida er organisera i ei webgruppe med representantar for kvar eining (superbrukarar). Desse superbrukarane har ansvar for kvart sitt fagområde, dvs at deie er ansvarlege for at riktig og oppdatera informasjon ligg tilgjengeleg til ein kvar tid.

1.5 Visjon og verdiar for Bø kommune

Visjon

Bø – bygda for trivsel, mangfald og vekst

Verdiar

Kommunestyret i Bø har vedtatt eit verdigrunnlag og etiske retningsliner for folkevalde og tilsette i Bø kommune.

Verdiplakaten	**- Vi vil legge vekt på felles verdiar og haldningar i møte med innbyggjarar og eigne kollegaer** **- Vi som arbeider i Bø kommune vil møte brukarane med respekt og profesjonalitet og gjere Bø kommune til ein god arbeidsplass for alle**
Lojalitet	- Usemje blir teke opp internt - Arbeidsfellesskapet er bygd på støtte, ros og konstruktiv kritikk - Administrative og politiske vedtak og prioriteringar blir følgde opp raskt og eintydig
Ærleg og open kommunikasjon	- Informasjon blir gjeve ubedd og fullverdig - Alle får ærlege tilbakemeldingar - Problem blir teke opp der dei oppstår
Likeverd	- Alle er like viktige. Vi er avhengige av kvarandre men har ulike roller - Likeverd er eit grunnleggjande prinsipp for all samhandling
Tillit	- Er vi usikre, må det koma fram - Ansvar og handlingsrom blir plassert der ein best kan finne løysingar - Prøving og feiling er ein akseptert arbeidsmåte
Omsorg	- Vi skal bry oss om kvarandre - Vi skal lytte til andre sine standpunkt, men også presentere våre eigne

2. Lover og heimlar

Dei viktigaste lovane som speler inn på kommunens kommunikasjonsverksemd er kommunelova, offentleglova, forvaltningslova og arkivlova.

3. Hovudfokus, satsingsområder og tiltak

Bø kommunes informasjon rettar seg mot fire fokusområder. Områda krevjar ulik tilnærming og har eigne delmål. Dei fire fokusområda er:

3.1.Tenester kommunen tilbyr

Bø kommune skal gi lett tilgjengeleg, riktig og lettfatteleg informasjon om kommunens tenestetilbod. Informasjon om kva for rettar ein har som tenestemottakar, og informasjon om rett til å klage.

Bø kommunes omdøme som tenesteytar skal styrkast gjennom ein aktiv haldning til informasjon og rask reaksjon og handtering.

Informasjon om kommunens tenestetilbod skal nå fram til innbyggjarane generelt, brukarar spesielt, men også til tilsette, media, samarbeidspartnarar og andre forvaltningsorgan.

Aktuelle tiltak:
Skjema for søknad om kommunale tenester skal så langt praktisk mogleg vere tilgjengelege på nett. Det skal leggast til rette for auka bruk av interaktive søknadsprosedyrar og tenester. Digitale løysingar skal utviklas og prioriterast.

3.2 Internt fokus

Intern kommunikasjon er eit fokusområde for strategien. Dialog og god kommunikasjon er viktig på alle nivå i organisasjonen.

Ansvaret for fellesinformasjon ligg hos rådmannen. Informasjonsansvarleg legg til rette for bruk av felleskanalar som internett, infoskriv og annonser og gir nødvendige råd og innspel til kommunens leiarar.

Rådmannen og kommunens leiarar på alle nivå har ansvar for å sikre god informasjonsflyt i organisasjonen. Dette er vesentleg for å fremje utviklinga av gode faglege og organisasjonsmessige løysingar. Verdiplakaten peikar på viktige tema for god kommunikasjon og samhandling i kommunen.

Aktuelle tiltak:
For å få god informasjonsflyt i organisasjonen treng vi eit intranett. Dette er eit tiltak som må få høg prioritet.

3.3 Demokrati

Bø kommune skal gjennom aktiv informasjon og kommunikasjon om politiske saker, stimulere innbyggjarane til engasjement og auka interesse for å delta i dei demokratiske prosessane. Innbyggjarane i Bø skal få informasjon som gir innsikt i avgjerdsprosessane og som aukar interessa og viljen til å delta i det lokale demokratiet. Bø kommune legg tilgjengeleg alle politiske møte, saker og møtepapir på kommunenes heimeside. I tillegg har politikarane nettbrett, og ein eigen politikarportal tilpassa kvar einskild politikar og dei utvala dei sit i.

Aktuelle tiltak:
På heimesida til kommunen skal kommunens innbyggjarar kunne følgje saker i politiske møter, finne kommuneplanar, høyringsdokument og reglement på ein enkel måte. Videooverføring av kommunestyremøta bør innførast.

3.4 Omdøme

I samfunnsdelen av kommuneplanen til Bø kommune har vi 3 satsingsområder: 1. Bø – regionsenter i Telemark, 2. Bø – ein nyskapande kommune og 3. Bø – ein god stad å bu. For å lykkast på desse områda, krevjar det omdømmebygging. Vi må

kommunisere internt i kommunen og ut til innbyggjarane kvifor kommunen satsar på desse områda, og kva som gjer at me lykkast.

Aktuelle tiltak

Eit av måla med ny heimeside er å tydeleggjere også digitalt kva kommunen tilbyr, og enda betre få fram målsettingane frå kommuneplanen. Dette meiner vi kjem fram gjennom fokus på tenestene kommunen tilbyr og god informasjon om lokaldemokratiet. Oversiktleg og tydelig informasjon gir eit godt omdøme.

4. Kommunikasjonsplattformer

Planen omfattar heile organisasjonen, og legg til grunn at digitale løysingar skal vere fyrsteval i framtidas kommune.

4.1 Designprofil

Vi har fått utarbeida ein felles designprofil for kommunen med ein brukarinstruks. Alle som produserer brev og liknande skal bruke profilen. Det skal vere lett å sjå at det kjem frå kommunen.

Bilde

I samband med arbeidet med ny profil starter arbeidet med ein bildebank for kommunen. Det blir tatt nye bilde som skal brukast på heimeside, i planar og anna profilmateriale. Bildebanken blir tilgjengeleg for alle tilsette, og det er eit ønskje at alle skal bruke desse bilda.

Språk

I tillegg til eit meir heilskapleg visuelt uttrykk, skal me jobbe vidare med språket. Det offisielle språket skal vere korrekt, forståeleg og tilpassa mottakar.

4.2 Kommunens heimeside

Heimesida er kommunens viktigaste kommunikasjonsplattform. Heimesida har dei same fire hovudfokusområda som kommunikasjonsplanen. Me legg vekt på økt digital kommunikasjon med innbyggjarane.

4.3 Sosiale medium

Bø kommune nyttar Facebook som eit tillegg til heimesida som kommunikasjonsplattform til innbyggjarar og tilsette. Facebook blir nytta som formidlar av nyheiter og viktig informasjon som allereie ligg på heimesida. Webredaktør og webgruppa er dei einaste som kan publisere på kommunens Facebook side. Kommunen følgjer KS sitt Veikart for sosiale medium, og har i tillegg laga kommunale Råd for bruk av sosiale medium i Bø kommune[1].

5. Kven kan uttale seg?

Kommunikasjon er eit leiaransvar, og leiarane har ansvar for å svare på og stå for kommunikasjonen på sitt ansvarsområde. Dette gjeld både internt og eksternt.

Det øvste informasjonsansvaret i Bø kommune har rådmann og ordførar. Politiske kommentarar og vurderingar skal gis av ordførar eller representantar for dei

[1] Vedlegg 1: Råd om bruk av sosiale medium i Bø kommune

politiske partia. I delegeringa som rådmann har gitt kommunalsjefane og einingsleiarane ligg også eit informasjonsansvar. I saker som er av prinsipiell og strategisk karakter, skal vurderingar og kommentarar på vegner av kommunen gis av kommunalsjef eller rådmann[2].

Leiarar på alle nivå har ansvar for å

- Kommunisere mål og strategiar til medarbeidarane
- Innhente, spreie og legge til rette informasjon om sitt område
- Ta med informasjonsaspektet i alle faglege planar
- Vedlikehalde nett og papirbasert informasjon om eiga eining
- Søkje faglege råd hos informasjonsansvarleg i stab og støtte

6. Krisekommunikasjon

Riktig kommunikasjonshandtering i krisesituasjonar er avgjerande. For å trygge ein heilskapleg handtering av kommunikasjonsutfordringar ved særskilte hendingar er det utarbeida eigen kriseinformasjonsplan. Hovudpunkt frå denne planen er at organisasjonen held den strukturen den har til dagleg også i krisesituasjonar. Heimesida til kommunen kan settast i beredskapsmodus, slik at all fokus på sida blir på oppdatering om situasjonen[3].

7. Vedleggsliste

1. Bø kommunes: Råd for bruk av sosiale medium

[2] Vedtatt pressereglement for tilsette i Bø kommune
[3] Retningsliner for informasjon ved krise i Bø kommune

Bø kommune

Pressereglement for tilsette i Bø kommune

(Vedteke av Bø kommunestyre 12.09.2016)

Kommunikasjons- og mediestrategi 2012-2015 blei vedteken i Bø kommunestyre den 17.12.2012. Eit av tiltaka i planen er revisjon av pressereglementet som er frå 1999. Pressereglementet er retningsgivande for korleis tilsette i Bø kommune skal opptre i kontakten med journalistar, presse og media.

1. Bø kommune skal utøva aktiv informasjon til omverda og praktisere meiroffentligheit. Førespurnad frå media skal møtast med openheit, og kommentar gis så raskt som er mogleg.

2. Det øvste informasjonsansvaret i Bø kommune har rådmann og ordførar. Politiske kommentarar og vurderingar skal gis av ordførar eller representantar for dei politiske partia. I den delegeringa som rådmannen har gitt kommunalsjefane og einingsleiarane, ligg også eit informasjonsansvar. I saker som er av prinsipiell og strategisk karakter, skal vurderingar og kommentarar på vegne av kommunen gis av einingsleiar, kommunalsjef eller rådmann.

3. Einingsleiarar har rett og plikt til å gi faktaopplysningar og faglege vurderingar på vegne av eininga si. Målet skal være at pressen alltid får eit svar.

4. Alle tilsette i Bø kommune har full ytringsfridom som privatpersonar. Tilsette som er deltakar i den offentlige samfunnsdebatten om Bø kommunes ansvarsområde har sjølv plikt til å presisere overfor media at dei uttaler seg som privatpersonar. Kritikk som gjeld eige fagområde og eigen arbeidsplass, skal søkast løyst tenesteveg. Tilsette skal opptre lojalt overfor politiske og administrative vedtak.

5. Alle medarbeidarar i kommunen er ansvarlege for å gi korrekte og fullstendige opplysningar innafor eige fagområde. Ein hovudregel er at på direkte spørsmål frå pressen, bør den medarbeidar uttale seg som har best innsikt i saka og som kan gi ei heilskapleg framstilling.

6. Tillitsvalte har sjølv ansvar for å klargjere overfor media at dei uttalar seg som representant for ein fagforeining. Rollane som tillitsvalt og enkelståande tilsett må haldast åtskilt.

7. Lesarbrev i avisene skal det som hovudregel ikkje svarast på. Dersom lesarbrev inneheld faktafeil kan dette imøtegåast i eit lesarbrev frå kommunen, men berre i samråd med kommunalsjef eller rådmann.

8. Kommunalsjef stab er rådgivar i informasjonsspørsmål og kontaktas når medarbeidarar eller leiarar ønskjer rådføring og hjelp i saker som har med media å gjøre.

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Arkivsak-dok. 17/14323-7
Sakshandsamar Alexander Etsy Jensen

Saksgang	Møtedato
Bø kontrollutval	07.11.2017

Revidert prosjektplan og kostnadsfordeling for selskapskontroll og forvaltningsrevisjon i Irmat AS

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonens forslag til revidert prosjektplan og kostnadsfordeling slik det ligg føre og bestill med dettar prosjektet frå Telemark Kommunerevisjon IKS.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvala i Bø og Notodden vedtok i møte 2. oktober prosjektplan for forvaltningsrevisjon av sjølvkost m.m. i Irmat AS. Spørsmål om konkurransevridande subsidiering vil bli gjort greie for i den forvaltningsrevisjonen.

I same møte kom det fleire ulike innspel frå dei respektive utvala til prosjektplan for ein selskapskontroll av Irmat AS. I denne nye prosjektplanen har revisjonen forsøkt å samle desse innspela til ein felles plan for begge kommunane, eventuelt saman med Sauherad kommune dersom det er ynskjeleg.

Nye tilbod i samsvar med ny informasjon, kontrollutvala sine vedtak og reviderte prosjektplanar ligg vedlagt.

Saksopplysningar:

Selskapskontrollen av selvkost er prisa ned. Denne kontrollen er starta opp nå i oktober, uavhengig av kontrollutvala sine vedtak om fordeling av kostnadar. Det andre oppdraget kan eventuelt starte opp i 2018, avhengig av kontrollutvala sine vedtak.

Problemstilling/vinkling

Problemstilling 1
Driv selskapet i samsvar med vedtekter og eventuell avtale mellom selskapet og kommunane?

Her vil revisjonen kartlegge verksemda til selskapet, særleg dei forretningsmessige disposisjonar som til dømes engasjement i Grønn Vekst i Telemark og handsaming av slam frå Arendal.

Problemstilling 2
I kva grad utøver kommunane eigarskapen i selskapet i samsvar med relevante tilrådingar og kommunetyra sine vedtak?

Her vil revisjonen undersøke om eigarkommunane har rutinar og praksis for utøving av eigarskap i Irmat AS, og om desse rutinane blir følgde. Vi vil sjå på kva slags fullmakter eigarrepresentanten har og korleis det blir rapportert til kommunestyre/politisk nivå.

Problemstilling 3
I kva grad har Irmat AS arbeidd i samsvar med føringar frå eigar/kommunane?

Denne problemstillinga dekker prosessen rundt lokalisering av gjenvinningsstasjonen på Brenna. Her kan revisjonen undersøke roller og ansvar knytt til lokaliseringa: Kommunikasjon om plassering av gjenvinningsstasjon mellom kommune og Irmat, samt selskapet sitt arbeid med gjennomføringa.

I sist prosjektplan hadde revisjonen framlegg om å sjå på i kva grad kommunen har halde seg godt til kommunelova og plan- og bygningslova sine krav om saksutgreiing og planprosess. Sidan Brenna ligg i Sauherad kommune, er dette ein planprosess som er handtert i Sauherad kommune. Ei slik problemstilling er difor berre aktuell dersom kontrollutvalet i Sauherad ønskjer å vere med i prosjektet.

Problemstilling 4
Har selskapet naudsynte konsesjonar og utsleppsløyve for å drive verksemda?

Her vil revisjonen kartlegge og omtale dei løyve og konsesjonar som verksemda har. Her kan det også vere aktuelt å undersøke vilkåra for eigenregi i høve til reglane om offentlege anskaffingar.

Kontrollutvalet skal gjennom denne saka vurdere om det forslaget til prosjektplan som er lagt fram, vil gje utvalet den kunnskapen dei ynskjer. Detta betyr at kontrollutvalet må vurdere føreslegne problemstillingar og vinkling på prosjektet, prosjektets avgrensing, og om dei metodar som er tenkt bruk etter kontrollutvalets oppfatning vil kunne svara på problemstillingane. Forslaget til plan beskriver nærare dei konkretiseringar, avgrensingar og metodeval revisjonen ser for seg i prosjektet.

Revisjonen kan starte opp undersøkinga på nyåret 2018.

Revisjonen vil gjennomføre selskapskontrollen i IRMAT AS i samsvar med revidert prosjektplan og angitt ressursbruk (kostnadsfordeling).

Det vises til vedlagt prosjektplan og kostnadsfordeling.

Vurdering frå sekretariatet:

Sekretariatet legg fram forslag til vedtak om at kontrollutvalet sluttar seg til revisjonens forslag til revidert prosjektplan og kostnadsfordeling slik det ligg føre.

Vedlegg:

- Pristilbud selskapskontroll av selvkost og kryssubsidiering — IRMAT AS, jf godkjent prosjektplan — kommunene Notoddem, Bø, Sauherad og Hjartdal
- Prosjektplan og pristilbud selskapskontroll av forvaltning av eierskap og virksomhet i IRMAT AS — Notodden kommune og Bø kommune

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

Hovedkontor:
Postboks 2805, 3702 Skien
Tlf.: 35 9170 30
e-post: post-tkr@tekomrev.no

Distriktskontor:
Postboks 83, 3833 Bø
Tlf.: 35 05 90 00

Vår ref.: 17/1769/tork
Arkivkode: 407 010

Kontrollutvalgene i Notodden, Bø, Sauherad og Hjartdal kommune
v/ Temark IKS

Tilbud – selskapskontroll – forvaltningsrevisjon – IRMAT AS

Vi viser til kontrollutvalgsmøter 02.10.17 og vårt tilbud 18.09.17 om selskapskontroll knyttet til selvkost og tiltak mot kryss-subsidiering i IRMAT AS.

Nye tilbud i samsvar med ny informasjon, kontrollutvalgenes vedtak og reviderte prosjektplaner framgår av vedleggene 1 og 2. Selskapskontrollen av selvkost er priset ned. Denne kontrollen er startet opp nå i oktober, uavhengig av kontrollutvalgenes vedtak om kostnadsfordelingen.
Det andre oppdraget kan eventuelt starte opp i 2018, avhengig av kontrollutvalgenes vedtak.

Skien, 23. oktober 2017
Telemark kommunerevisjon IKS

Kirsti Torbjørnson
leder for forvaltningsrevisjon

Vedlegg:

- Vedlegg 1: Pristilbud selskapskontroll av selvkost og kryssubsidiering – IRMAT AS, jf godkjent prosjektplan – kommunene Notoddem, Bø, Sauherad og Hjartdal
- Vedlegg 2: Prosjektplan og pristilbud selskapskontroll av forvaltning av eierskap og virksomhet i IRMAT AS – Notodden kommune og Bø kommune

Vedlegg 1 Pristilbud selskapskontroll av selvkost og kryss-subsidiering – IRMAT AS

Vi vil gjennomføre selskapskontrollen i IRMAT AS i samsvar med prosjektplan godkjent av kontrollutvalgene 2.10.17. Presentasjonen som ble gitt i fellesmøtet 2.10.17 innebærer at vi kan gjennomføre selskapskontrollen om selvkost og kryss-subsidiering til en lavere pris enn antatt. Ny pris for denne kontrollen er kr 80 000. Prisen inkluderer nødvendige reiser og presentasjon av kontrollrapporten i fellesmøte for kontrollutvalgene i eierkommunene og eventuelt i kommunestyrene etter nærmere avtale.

Dersom alle fire kommunene deltar i kontrollen, foreslår vi følgende fordeling av kostnaden:

Kommune/eierandel i selskapet		**Flat fordeling 50% av 80 000**	**Fordeling etter eierandel 50% av 80 000**	**Totalpris**
Notodden	(52,3%)	10 000	20 920	30 920
Bø	(21,7%)	10 000	8 680	18 680
Sauherad	(18,8%)	10 000	7 520	17 520
Hjartdal	(7,2%)	10 000	2 880	12 880
SUM		**40 000**	**40 000**	**80 000**

Dersom Hjartdal kommune ikke ønsker å delta, foreslår vi en fordeling etter forholdsmessig eierandel for de tre andre, rundet opp med 2 kr for Notodden:

Kommune/relativ andel uten Hjartdal		**Flat fordeling av ca 50%: 39 000**	**Fordeling av kr 41 000 etter relativ eierandel**	**Totalpris**
Notodden	(56,36%)	13 000	23 109	36 109
Bø	(23,38%)	13 000	9 585	22 585
Sauherad	(20,26%)	13 000	8 306	21 306
SUM		**39 000**	**41 000**	**80 000**

Vedlegg 2 Prosjektplan og tilbod: 407011 IRMAT AS– Notodden kommune og Bø kommune

Bakgrunn, bestilling og formål

Kontrollutvala i Bø og Notodden vedtok i møte 2. oktober prosjektplan for forvaltningsrevisjon av sjølvkost m.m. i Irmat AS. Spørsmål om konkurransevridande subsidiering vil bli gjort greie for i den forvaltningsrevisjonen.

I same møte kom det fleire ulike innspel frå dei respektive utvala til prosjektplan for ein selskapskontroll av Irmat AS. I denne nye prosjektplanen har vi forsøkt å samle desse innspela til ein felles plan for begge kommunane, eventuelt saman med Sauherad kommune dersom det er ynskjeleg.

Problemstilling/vinkling

Problemstilling 1
Driv selskapet i samsvar med vedtekter og eventuell avtale mellom selskapet og kommunane?

Her vil vi kartlegge verksemda til selskapet, særleg dei forretningsmessige disposisjonar som til dømes engasjement i Grønn Vekst i Telemark og handsaming av slam frå Arendal.

Problemstilling 2
I kva grad utøver kommunane eigarskapen i selskapet i samsvar med relevante tilrådingar og kommunetyra sine vedtak?

Her vil vi undersøke om eigarkommunane har rutinar og praksis for utøving av eigarskap i Irmat AS, og om desse rutinane blir følgde. Vi vil sjå på kva slags fullmakter eigarrepresentanten har og korleis det blir rapportert til kommunestyre/politisk nivå.

Problemstilling 3
